



Rune A. Bergtun
Radøyvegen 2474
5937 BØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2309 - 17/15158

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
12.12.2017

Parkering ved turstiar på Radøy

Takk for innspel om parkering ved turstiar på Radøy!

Turstiar har vore eit satsingsområde for kommunen i fleire år, og dette har resultert i at mange stiar har vorte skilta og merka og tilrettelagt med gjerdeklyv, klopper og benkar. Me har lagt vekt på at det skal vera mogleg å parkera ved startpunktet på dei stiane som vert skilta og merka, men du har heilt rett i at det ikkje er gode parkeringsmoglegheiter ved alle turstiar på Radøy, og det er heller ikkje så mange turstiar som startar like ved busstopp.

Me har planar om å gjennomføra ei kartlegging av parkeringsplassar ved turstiane i kommunen, og me tar med oss dine innspel i samband med dette arbeidet.

Heilt til slutt vil eg tipsa om turen til Storufsen og Lometjørna frå Sætre som er både skilta og merka, og det er lagt ut fleire klopper og sett ut benkar undervegs. Startpunkttafle ved Sætre grendahus vil koma opp om kort tid. Det er gode parkeringsmoglegheiter ved Sætre grendahus, og tar du bussen kan du følgja grusvegen oppover til den merka turtraseen.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:
Rune A.Bergtun

Radøyvegen 2474

5937

BØVÅGEN